

Meland kommune
v/ rådmannen
Havnevegen 41A
5918 Frekhaug

Isdalstø, 11.12.2018

FORVALTNINGSREVISJON: Helsetilbudet til barn og unge

Revisjonen viser til vedtak i kontrolluvallet 15.11.2018, sak 039/18, og ønsker med dette å orientere om at revisjonen vil setje i gang eit forvaltningsrevisjonsprosjekt. Prosjektet skal sjå på helsetilbudet til barn og unge i Meland kommune. Med helsetilbudet til barn og unge meinest helsestasjon og skulehelseteneste. Prosjektet er avgrensa til systemnivå og hovudfokuset vil vera på kommunale rutinar og kommunen sitt arbeid med systematisk kvalitetsforbetring.

Det er vanleg praksis at det vert arrangert eit oppstartsmøte med administrasjonen, slik at det vert høve til å diskutere revisjonskriterier og rammer for prosjektet, herunder avtale kontaktperson for prosjektet. Revisjonen ber rådmannen gjere framlegg om tid som høver for eit oppstartsmøte **ved første høve**.

Prosjektplanen for prosjektet er lagt ved. Denne er oppdatert slik at den er i tråd med dei endringar som kontrollutvalet gjorde i møtet.

Revisjonen ynskjer samstundes å tinge følgjande dokument frå administrasjonen:

- Rutine (eller retningslinjer eller andre styringsdokument) knytt til samhandling og samarbeid mellom koordinerande eining og helsestasjon/skulehelseteneste.
- Rutiner (eller retningslinjer eller andre styringsdokument) knytt til sakshandsaming. Rutiner knytt til overføring av saker mellom sakshandsamarar er av særleg interesse.
- Rutiner (eller retningslinjer eller andre styringsdokument)
- Plan (eller retningslinjer eller andre styringsdokument) knytt til kvalitetsforbetring og pasient- og brukarsikkerhet innan helsestasjon og skulehelseteneste.

Eventuelle spørsmål kan rettast til oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor Dag Inge Bøe på mob. 45 15 77 64 eller pr. e-post: dag.inge.boe@nhr.no

Med helsing



Dag Inge Bøe
Oppdragsansvarleg revisor, forvaltningsrevisjon